



Odd Magne Øgreid og Jakob Åkman (til høyre) er nede igjen og fortel politiet om det som har skjedd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein svensk fjellklatrar som bur i Bergen vart redda ned frå den mest krevjande klatrevæggen i Ulvanåso med helikopter ved 14-tida onsdag. Redningsaksjonen var svært vellukka og gjekk smertefritt føre seg. Klatraren falt fem meter, landa med eine beinet på ei hylle og skada ankelen sin. Uhellet skjeddde ved 12-tida.

Jakob Åkman frå Växjö i Småland hadde sin debut som Nåso-klatrar denne dagen, men han har klatra mange andre stader. Guiden hans var ein av dei mest røynde klatrarane i klatremiljøet i Bergen, Odd Magne Øgreid, som også må reknast som ein Nåso-veteran.



Dei to klatrarane vart sett ned på eit jorde ved Friheim. (Foto: Ola Matti)

Dei to satsa på ruta som har det underlege namnet "Post script rett i offset". Den har ein høgdeskilnad på 550 meter frå dalbotnen og til toppen. Ruta er "middels krevjande".

Paret var om lag 250 meter oppe då Jakob mista fotfestet og fall. Utifrå sikringa skulle han ha falle berre to meter, men ein sikring glapp ut og fallet vart tre meter lengre enn berekna. Dermed landa han på ei hylle og skada seg.

Odd Magne var om lag 15 meter lågare då uhellet skjeddde. Han klatra først opp til sin skada kollega og deretter drog dei seg et stykke oppover til ein meir bekvem plass.

Mathisen)

- Det hadde vore mogeleg å komme ned att ved eigen hjelp, men etter ei grundig vurdering fann vi ut at det ikkje var verd å ta ein slik sjanse. Lenger nede er det ei bratt steinur, påpeikar Odd Magne.



Sea King-maskinen frå Sola kom raskt til Ulvanåso (Foto: Ola Matti Mathisen)

Difor ba dei om helikopter-assistanse, og det tok ikkje lang tid før ein Sea King frå Sola var på pletten. Tre politimenn frå Kvinnherad med overbetjent Sigurd Børve i spissen var på staden og leia operasjonen.

Å plukka opp dei to klatrarane gjekk greitt sjølv om helikopteret måtte gå tett på fjellveggen. Heldigvis var vertilhøva svært gunstige, det var sol og lett bris.

Klatrarane vart sett ned på eit jorde ved Friheim og dermed var det som kunne ha gått langt verre over.

- Dette var artig, Ulvanåso er eit fantastisk klatrefjell. Hit kjem eg attende, sa den skada svensken til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen



Redningsoperasjonen i gang i fjellveggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)